

Innleiande klasesamtale: Fiksjon eller fakta?

Faktafyk er eit sakprosamagasin. Betyr det at alt som står der, er sant?

I lærebøker i norskfaget er det vanleg å dele litteraturen inn i to hovudkategoriar. Med skjønnlitteratur tenkjer ein då gjerne på det som er oppdikta, det som ikkje er sant, mens sakprosajangeren inneheld faktaopplysningar og sanning. Eit slikt skilje har ikkje alltid vore relevant. Avisene som kom ut i Danmark-Noreg på 1700-talet, kunne innehalde både skildringar av korleis ein på best mogleg måte kunne plante poteter, utanriksnyheiter, dikt og lange utdrag frå romanar, utan at lesarane syntest det var merkeleg.

Sjølv om vi i dag er vande til å skilje mellom sakprosa og skjønnlitteratur, mellom fiksjon og fakta, er det ikkje lett å trekkje opp snorrette skilje mellom desse to. Det finst skjønnlitterære forfattarar som skriv om verkelege liv og verkelege hendingar. Og sakprosaforfattarar nyttar ofte skjønnlitterære grep. Kan hende bruker han eller ho språklege uttrykk og bilete, dramatiserer og foreslår utsegner, tankar og hendingar der det ikkje finst sikre kjelder.

Ein sakprosaforfattar står også overfor ein del val når det gjeld kva som skal vere med i teksten, og kva som skal utelatast, og korleis teksten skal byggjast opp. Ein sakprosaforfattar nyttar med andre ord ein del av dei same verkemidla som ein skjønnlitterær forfattar. Også sakprosa teksten er ein konstruksjon.

Den skjønnlitterære forfattaren diktar. Men ein som skriv sakprosa, er heller ikkje alltid ein påliteleg forteljar. Ein kan for eksempel spørje seg om dagboka skildrar røyndommen, og om ein sjølvbiografisk forfattar alltid klarer å skildre hendingane objektivt, eller om ikkje både synsvinkel, minne og litterær form er med på å prege teksten.

Før lesinga:

Ha ein samtale med elevane om omgrepa skjønnlitteratur, sakprosa, fiksjon og fakta. Be elevane komme med eksempel på tekstar, filmar eller TV-program i skjeringspunktet mellom fiksjon og fakta (stikkord: dagbøker, sjølvbiografiar, historiske romanar eller filmar, reality-TV).

- Kvifor er boka eller filmen både fakta og fiksjon?
- Kva i denne boka eller filmen er fakta? Kva er fiksjon?
- I kva grad meiner du at såkalla reality-TV er røyndom?

- I kva grad er det som blir vist, valt ut eller planlagt, og i kva grad er det fiksjon?

Undervegs:

Bla og les i *Faktafyk*. Finn du noko som er fiksjon?

Noter eller set strek under setningar eller avsnitt i *Faktafyk* som ikkje er sanne.

Det kan vere stader der du meiner forfattaren har vore litt for fri, har brukt skjønnlitterære verkemiddel, eller andre ting som peiker mot fiksjon.

Etter lesinga:

Klassediskusjon/samtale:

Kva fann elevane? La elevane presentere for sidemannen eller ei lita gruppe kva dei fann.

Har dei funne det same? Be dei samanlikne og grunngi for kvarandre kvifor dei meiner dette er fiksjon. – Er du og sidemannen eller gruppa einige?

Avslutt med oppsummering i full klasse.

Kompetansemål Norsk:

- delta i diskusjoner med begrunnede meninger og saklig argumentasjon

Samfunnsfag:

- vise korleis hendingar kan framstillast ulikt, og drøfte korleis interesser og ideologi kan prege synet på kva som blir opplevd som fakta og sanning